

Årsrapport 2019



JÆRMUSEET

Innhald:

- Årsmelding frå styret [side 3]
- Avdelingar og anlegg [side 4–5]
- Formidling [side 6–8]
- Forvaltning [side 9–10]
- Forsking [side 11]
- Økonomi, gåver og sponsorinntekter [side 12]
- Økonomi og administrasjon [side 13]
- Organisasjon [side 14–16]
- Opne publikumsarrangement [side 18–19]
- Besøkstabell [side 20–21]
- Resultatrekneskap [side 24–31]
- Revisjonsberetning [side 32–34]

Jærmuseet
 – møteplassen mellom
 natur, kultur og teknologi
 som forvaltar fortida –
 fangar samtidia – formar
 framtida

STYRET SI ÅRSMELDING FOR 2019

OM JÆRMUSEET

Stiftinga Jærmuseet blei skipa i 1985 og er regionmuseum for kommunane Randaberg, Sola, Sandnes, Gjesdal, Klepp, Time og Hå, samt regionalt vitensenter for Sørvestlandet. Det er eit konsolidert museum med hovudkontor på Vitengarden, Nærø i Hå kommune, og driv i dag ulike museumsanlegg i alle dei sju stiftarkommunane.

I 2003 var Jærmuseet eitt av seks regionale vitensenter utpeika av Kunnskapsdepartementet; i dag eitt av tolv.

Publikum skal oppleva Jærmuseet som relevant, aktuelt og utfordrande.

Jærmuseet er ein vitskapleg institusjon som skal dokumentera regionen si historie gjennom innsamling, bevaring, forsking og formidling. Museet er ein møteplass mellom natur, kultur og teknologi. Me inviterer publikum til å utforska kunnskap gjennom aktivitetar og opplevingar.

Jærmuseet er både museum og vitensenter. I vitensenter-utstillingane våre knyter me derfor installasjonar og eksperiment til regionen si historie og næringsliv.



Under ei tilstelling på Vitenfabrikken, fekk Turi Gramstad Oliver tildelt St. Olavsorden for sitt arbeid som designar, blant anna på Figgjo AS. Ordenen vart delt ut av ordførar i Sandnes, Stanley Wirak, og fylkesvinne Magnhild Meltveit Kleppa.

Foto: Hallvard Fagerland,
 Sandnes kommune



Sommaren 2019 vart noko av kleddinga på Limagarden skifta ut, og heimehuset vart måla.

Foto: Elin Ravndal Bell / Jærmuseet

AVDELINGAR OG ANLEGG

Jærmuseet hadde ved utgangen av 2019 driftsansvaret for 65 kulturhistoriske bygningar, 49 390 gjenstandar, 195 053 foto og 422,05 hylrometer privatarkiv. Det er ein tilvekst på 63 gjenstandar, 4 360 foto og 6,49 hylrometer privatarkiv.

Stiftinga Jærmuseet eig anlegget Vitengarden med Kviagarden og Audamotlandstunet og halmluta på Refsnes. I tillegg forvaltar museet ei rekke bygningar og anlegg i kommunal eige.

Per 31.12.2019 hadde me driftsansvaret for desse avdelingane og anlegga:

- **Vitengarden**, Nærø, med museumsgarden Kvia 4H-gard og den historiske garden Audamotland.
- **Vitenfabrikken**, Sandnes, med Krossens havremølle, det historiske tunet Tranegården på Austrått, snikkarverkstaden på Vagle og fleire kvernhus.

- **Science Circus**, Jærmuseet sitt ambulerande vitensenter som oppsøker skular i heile Rogaland.

- Vitengarden, Vitenfabrikken og Science Circus utgjer til saman det regionale vitensenteret for Sørvestlandet («Vitensenteret Sør-Vest»).

- **Hå bygdemuseum** med gjenstandssamling, Varden Sjøredningsmuseum, gardsanlegget Grødaland, Motlandsmia, tre naust og ei kvern på Nord-Varhaug.

- **Gjesdal bygdemuseum** med samlingar, Limagarden bygdetun, Gjesdal ljåfabrikk, eit bakstehus, ei kvern og ei utløe.

- **Klepp bygdemuseum** med samlingar, eit skulehus og eit folgehus på Haugabakka.

- **Randaberg bygdemuseum** sine foto- og gjenstandssamlingar og Vistnestunet.



← Utandørsutstillinga «Folk, fe og kvite gardiner» viste biletet frå Klepp før 1920.

Foto: June Line

→ Museumsbonde på Vistnestunet, Tone Ravnås, tok opp årets avling av jordeple.

Foto: Unn Iren Skretting Thorsen / Jærmuseet



Vitenfabrikken var vertskap då medlemmene i Nordic Planetarium Association (NPA) møttest i september. Nærare 50 kollegaer frå Norden og andre land samla utanfor Vitenfabrikken.

Foto: Helle Kristiansen / Jærmuseet



- **Tungenes fyr**, inkludert Sjøbruksmuseet i Tungevågen, som òg er ein del av Kystverkmusea / etatsmuseet for Kystverket.
- **Nasjonalt Garborgsenter** samlokalisert med Time bibliotek på Bryne.
- Forfattarheimane **Garborgheimen** og **Knudaheio** i Time.
- **Flyhistorisk Museum Sola**, med foto- og gjenstandssamling, Flyhangaren, 720-brakka og Torpedoverkstedet i Sømmevågen, Sola.
- Jærmuseet forvaltar det statlege kulturminne- og friluftsområdet **Hanabergsmarka** på 670 dekar i Hå. Jærmuseet har elles rapporteringsansvar for Hå gamle prestegard (HGP) til museumsstatistikken. HGP mottar årleg 1 mill. kroner frå staten gjennom Jærmuseet.

Etter forhandlingar mellom Rogaland Krigshistoriske Museum (RKM), Sola kommune og Jærmuseet, blei det ikkje inngått ny konsolideringsavtale med RKM.

Jærmuseet legg vekt på å ha ei aktiv forvaltning av bygningar og anlegg i alle stiftarkommunane, og vil styrke den lokale forankringa gjennom aktiv nettverksbygging til vertskommunar, lokalt og regionalt næringsliv, organisasjonar, skular og lokalbefolking.



Dronebilete over Vitengarden. Til høgre i biletet ser ein det nye administrasjonsbygget, som vil stå klart i 2020.

Foto: Rune Helliesen / Jærmuseet

«JÆRMUSEET FORMIDLAR KUNNSKAP GJENNOM OPPLEVING, DELTAKING OG UTFORSKING»

Pedagogane Jørn Hafver og Fredrik Motland Kirkemo hadde vitenshow under vitenfestivalen «The Big Challenge» i Trondheim.

Foto: Erik Sande




HOVUDRESULTAT I 2019

FORMIDLING

Jærmuseet har også i 2019 nådd gode resultat på ulike område.

- Jærmuseet har 12 opne publikumsanlegg, av desse er Vitenfabrikken, Vitengarden og Garborgsenteret heilårsopne. Me har eit godt samarbeid med frivillege, både enkeltpersonar, lag og organisasjonar, som ofte hjelper til på ulike arrangement. I 2019 blei det skipa til heile 97 opne publikumsarrangement og aktivitetsdagar med ulike tema på museet sine ulike anlegg! Sjå eige oversyn.
- På mange av anlegga våre har me gode frivillige hjelparar! På den årlege dugnadsfesten deltok over 90 frivillege.
- 14. februar blei *Abelloftet* på Vitenfabrikken opna av fylkesordfører Solveig Ege Tengesdal. Dette er ei 400 m² interaktiv utstilling om matematikk med meir enn 50 ulike eksperiment. Ved hjelp av testklassar, observasjonar og utprøving har me tilpassa tekstar og installasjonar slik at publikum skal få gode opplevingar og best muleg læringsutbytte. Utstillinga er finansiert med støtte frå Equinor og Statnett.
- *Planetariet* på Vitenfabrikken vart nyopna juni 2019, etter ei raus gavé frå Sandnes Sparebank.
- Utstillinga *Er Sandnes en grønn by?* inkluderte foto av lokale kulturminne tatt av elevar frå Vågen vgs. «Klimastreiken» blei dokumentert med innsamla plakatar frå elevdemonstrasjonane i Stavanger.
- Utstillinga *Sauen* på Vitengarden blei opna av landbruks- og matminister Olaug Bollestad 3. juni. Utstillinga bygger m.a. på dokumentasjonsprosjektet «Sauen og gjetaren», der me følgde heiaføringa av sau frå Jæren til høgheiene i åra 2015-2018. Dette er ein levande tradisjon som har klart å omstilla seg etter endringar i samfunnet, og den er unik for denne delen av landet. Utstillinga formidlar årssyklusen til sauen, og arbeidet til sauebøndene og heiasjfane. I tingrommet kan du studera gjenstandar som formidlar sauen sin plass i vår kultur, og i filmrommet møter du kunstnar Anne Helen Robberstad si tolking av sauen og sauehaldet. I småfeklinikken blir ungane kjent med sauen, undersøker sauesjukdommar og gir behandling.
- I *Torpedoverkstedet* i Sømmevågen var første del av utstillinga om andre verdskrig ferdig seinhausten 2019. Hovudmålgruppa er ungdomsskuleelevar, og frå 2020 vil formidlinga her vera ein del av Den kulturelle skulesekken i Sola. Ved hjelp av film og audiogaidar kan publikum lytta til historiene til åtte ungdommar som deltok i, og opplevde krigen på ulike måtar. Personane blir spela av unge skodespelarar frå Rogaland teater. Utstillinga opnar for publikum ved sesongopning 2020.
- Tungenes fyr har i 2019 vist fotoutstillinga *Norske fyr* av fotograf Rune Nylund Larsen. Det er elles halde 12 konserter med artistar frå inn- og utland.
- Haugabakka har sidan mars hatt ei utandørs fotoutstilling med gamle motiv frå Klepp.
- Garborgsenteret har i 2019 hatt to temporære utstillingar: «*My tribe is Art*» i samarbeid med ManGo Development og «*Musea dansar (Dans med oss)*» i samarbeid med Nasjonalt senter for folkemusikk og folkedans. Garborgsenteret utvida



← Micro:bit i det nye kaleidoskopet på Vitenfabrikken.

Foto: Magne Hognestad / Jærmuseet

→ Abelloftet opna på Vitenfabrikken i februar. Her er over 50 ulike matematiske utfordringar og eksperiment, blant anna harmonografane laga av dei tilsette.

Foto: Jan Inge Haga / Jærmuseet



utstillinga ved å dokumentera og formidla historia om den populære dansestaden «Planen» ved Bryne stadion.

- I januar blir det arrangert årlege *Garborgdagar* i Time kommune, der Garborgsenteret er hovudarrangør saman med kommunen. Garborgdagar vert støtta av Norsk kulturråd og Rogaland fylkeskommune.
- I perioden 2016–19 hadde Jærmuseet prosjektleiaransvaret for eit prosjekt om Science Capital. Prosjektet skal bidra til å auka familiene si realfagsinteresse. Både Vitenfabrikken og Vitengarden har invitert familiar til å delta på særskilde realfagsaktivitetar, og følgt opp familiene med spørjeundersøkingar i etterkant. Ein posttest (digitalt spørjeskjema) som vart sendt ut 7–14 dagar etter besøket, viste at mange familiar reflekterte og snakka om aktiviteten etter besøket.
- I løpet av året er det arrangert fire gratis publikumsdagar på Vitengarden, Vitenfabrikken, Garborgsenteret og Tungenes fyr. Dette er gjort i samband med Forskningsdagane, eller i samarbeid

med Equinor. Familiedadane er godt besøkt, og museet når nye målgrupper når det er gratis inngang.

- BOKÅRET 2019: Garborgsenteret markerte 500-årsjubileet for den trykte boka med å arrangera Nynorsk barnebokveke. Garborgsenteret deltok også i juryen av Kapittel si kåring av tidenes Rogalandsbok. Alexander Kiellands roman Garman og Worse vann knepent framfor Arne Garborgs Haugtussa og Fred. Garborgsenteret og musea i Litteraturnettverket var representert på Innovasjon Norge sin stand under bokmessa i Frankfurt i oktober, der Norge var gjesteland.

Jærmuseet har som før hatt ei omfattande formidling til barnehagar og skular:

- Hovudsatsinga for perioden 2018–2022 er Den teknologiske skulesekken med super:bit. Det er ei nasjonal satsing på koding og programmering i skulen som er finansiert av UDIR /Kunnskapsdepartementet. Tilbodet skal ut til alle skular i landet. For Jærmuseet betyr det at me årleg skal gi eit tilbod til 3000 sjetteklassingar over



← Sam Nair Torland losa elevane frå Bryne ungdomsskule gjennom fleire dansehittar under opninga av utstillinga «Musea dansar/ Dans med oss!»
Foto: Ørjan Johansen / Jærmuseet

→ I 2020 opnar utstillinga «Fortellinger fra andre verdenskrig» i Sømmevågen i Sola. Sola kommune har restaurert den gamle bygningen og her kjem skiltet på plass utanfor.
Foto: Unn Iren Skretting Thorsen / Jærmuseet



heile Rogaland. Klassesett med utstyr er finansiert av Sparebankstiftelsen DNB.

- Som regionalt vitensenter har Jærmuseet eit ansvar for å nå ut til skular i heile Rogaland. Jærmuseet sitt omreisande vitensenter, *Science Circus*, besøkte i 2019 heile 24 av 26 kommunar i fylket; i alt 92 skulebesøk med totalt 15 679 besøkande. Av desse var det 14 451 barn og 1 228 vaksne.
- Det er utvikla fleire nye opplegg for Den kulturelle skulesekken (DKS) i Sandnes-skulane i tilknyting til Øglændutstillinga.
- Garborgsenteret har vitja alle grunnskulane i Sandnes kommune med Hipp hopp og Garborg i regi av DKS, og hatt Skriv med Aadne og Garborgløypa for barneskular og ungdomsskular i Time kommune.
- I samarbeid med Equinor og Sandnes vidaregåande skule inviterte Vitenfabrikken samtlege VG1-elevar til Kode- og bli kjent kveld 12. september. Totalt 340 elevar deltok, i tillegg til lærarar.
- 7.–8. mai arrangerte Vitengarden eksperimentdagar for 5-åringar i barnehagane i Rogaland med over 400 deltagarar.
- I tillegg arrangerer Jærmuseet ei rekke lærarkurs, både med eigne og eksterne ressursar, som m.a. Chris Chiaverina, tidlegare leiar i foreninga for fysikklærarar i USA og David Weigel frå U.S. Space & Rocket Center.
- I 2019 gjennomførte Jærmuseet tilsaman 37 lærarkurs, med totalt 879 lærarar. Jærmuseet sitt samarbeid med UiS heldt fram i 2019, med samarbeid om fleire undervisingsopplegg og utvikling av lærarkurs. Samarbeidet om formidling av lokal krigshistorie, frå første verdskrigen til den kalde krigen, for 60 lærerstudentar ved Samfunnsfag 2, er utvida til eit opplegg over fem dagar.
- Naturfagsenteret og vitensentera har fått midlar frå Sparebankstiftelsen DNB til det treårige prosjektet *Skaperskolen*. Den største satsinga i prosjektet er gjennomføringa av årleg skaperfestival. Sandnes Skaperfestival i 2019 gjekk over tre dagar. Her møttest oppfinnarar, kunstnarar, forskrarar, hackarar, handverkarar og heimesnikrarar, barn og unge, skular og barnefamiliarar.
- Museet sine ulike avdelingar er òg arena for Regional finale i Unge Forskarar og regional Nysgjerringperdag (Vitengarden), Fordjupingsmeisterskap i norsk for vgs (Garborgsenteret), First Lego League og mattekonkuransen Kodeknekkeren for vgs (Vitenfabrikken). I 2019 var det Vardafjell vgs i Haugesund som vann Kodeknekkeren.
- 10 skular i Rogaland er med på Lektor 2-ordninga, der Jærmuseet har koordinatorrolla.
- Vitengarden, Vitenfabrikken og Garborgsenteret tilbyr òg særskilde tema-aktivitetar i vinterferien og haustferien, med stor oppslutning.
- I samarbeid med dei respektive kommunane har Jærmuseet hatt ansvaret for feriekubbar på Grødalstrand, Limagarden, og Vistnestunet. Til saman seks veker med om lag 30 barn kvar veke.
- Både Vitenfabrikken og Vitengarden blir i tillegg hyppig besøkt av dei kommunale ferietilboda, som Fiks Ferigge Ferie, Kongesommer og SFO.
- Totalt hadde Jærmuseet 190 139 gjester i 2019, av dette var vel 59 174 barn og unge i organiserte opplegg. Samla besøk på vitensenteravdelingane var 137 706.
- Institusjonar for personar med nedsett funksjonsevne kan kjøpa velferdskort. Dette blir flittig brukt på fleire anlegg.

Jærmuseet skal legga samlingane til rette slik at dei kan formidlast i dag og i morgen.

FORVALTNING

Strategiplanen 2014–2020 har eit hovudfokus på samlingsforvaltning.

- Museet sine samlingar består av gjenstandar, arkivmateriale, intervju og anna minnemateriale, bygningar, kulturlandskap, hageanlegg og gamle husdyrrasar.
- I november 2019 fekk Jærmuseet mellombels bruksløye i det underjordiske magasinet på Vitengarden. I alt skal me tømma åtte eksterne lager, mest landbruksreiskap og andre større gjenstandar. Innflyttinga starta i desember. Det er utarbeidd ein plan for flyttarbeidet som venteleg blir avslutta i 2023. Planarbeid for innreiing av studiemagsinet starta opp før jul.
- Nytt administrasjonsbygg for Jærmuseet er under oppføring, og vil bli klart for innflytting sommaren 2020. Bygget blir realisert med eigne midlar og tilskot på 10 mill. frå Hå kommune.
- Jærmuseet har dei siste åra lagt stor vekt på å sikra dei antikvariske bygningane i kommunane mot innbrot og brann. Museet sin første samla sikringsplan gjaldt for 2015–2019. Rullert plan gjeld til 2024. I første planperiode blei det installert åtte

brannalarmanlegg, eit vasståke-/sprinklaranlegg og eit kameraovervakingsanlegg. I perioden har museet fått kr 2 859 000 i statlege sikringsmidlar og kr 864 000 frå Stiftelsen UNI. I tillegg kjem gaveforsterkingsmidlar. Time kommune bidrog med kr 500 000 og Jærmuseet med kr 666 000.

- For neste planperiode er det til nå heilt eller delvis finansiert fem innbrottalarmanlegg, tre brannalarmanlegg og tre vasståke/sprinklaranlegg.
- Det er sett i gang eit større vedlikehaldsprosjekt på Sjøbruksmuseet i Tungevågen. Lokalet skal nyttast til nytt visningssenter for oppdrett. Den utvendige rehabiliteringa vart ferdig i 2019.
- Bygningsvernundersøkinga 2019.** I slutten av 2018 sette Kulturdepartementet i verk ei svært omfattande undersøking av tilstanden til kulturhistoriske bygg norske museum eig eller forvaltar. I Rogaland fekk alle musea god hjelp av bygningsantikvaren i Fellestjenestene. Jærmuseet kjem godt ut av undersøkinga. 69 % av museet sine 63 antikvariske bygg er i god stand, 25 % treng noko vedlikehald og 6 % treng meir omfattande vernevøling.



← Samlingsteam Rogaland fullførte oppdraget ved årsskiftet. På seks år vart meir enn 70 000 gjenstandar registrert. På biletet registrerer prosjektmedarbeider Therese Espeland eit måleri.
Foto: Ørjan Johansen / Jærmuseet

→ Inngangen ved det nye, underjordiske magasinet tek form.
Foto: Målfrid Grimstvedt / Jærmuseet





Arbeid på Sjøbruksmuseet i Tungevågen.

Foto: Vigrestad bygg

- Restaurering av heimehuset på Tranegården er eit omfattande og krevjande prosjekt fordi huset er freda. Farge- og tapetundersøking blei sluttført med ein omfattande rapport frå Arkeologisk museum UiS i juni. Arkitektfirmaet Schjelderup og Gram utarbeidde deretter ein plan for restaureringsarbeida. Prosjektet er finansiert av Sandnes kommune.
- **Anna vedlikehaldsarbeid:** Heimahuset på Limagarden og Folgehuset på Haugabakka er måla. En del vindu er som vanleg restaurert. Mykje tid er brukt til å førebu installasjon av alarm- og sprinklaranlegg, og oppfølging av installasjonsarbeida på dei ulike anlegga.

• **Samlingsteam Rogaland**, finansiert av Rogaland fylkeskommune og med Jærmuseet som arbeidsgjever, avslutta sitt registreringsarbeid for musea i fylket 31. desember. Sidan prosjektstart i 2014 har teamet registrert eller revidert meir enn 70 000 gjenstandar, og har kursa museumstilsette i gjenstandsforvalting. Prosjektet har vore ein stor suksess. Arbeidet har vekt oppsikt i museumskrinsar landet rundt og vore omtalt i fleire media. Frå 1. januar 2020 blir teamet omgjort til «Konserveringsteam Rogaland», som ei fast teneste i gjenstandskonservering for musea i fylket. Konserveringsteamet er framleis finansiert av fylkeskommunen, og har Jærmuseet som arbeidsgjever.



← Handverkar Ted Johnny Taraldsen førebudde reparasjon av hagemuren på Limagarden.

Foto: Odd-Geir Rosland / Jærmuseet

→ Handverkar Odd-Geir Rosland prydar forsida av rapporten om bygningsvernundersøkinga

Foto: Kirsten Hellerdal Fosstveit



Jærmuseet skal driva forsking og kunnskapsutvikling med vekt på samtid og nær fortid, og auka den faglege og vitskaplege kompetansen i organisasjonen.

FORSKING

- Jærmuseet har dei siste åra arbeidd systematisk med å auka den faglege og vitskaplege kompetansen i organisasjonen, ved at medarbeidarar deltar i dokumentasjons- og forskingsprosjekt, eller i etter- og vidareutdanning.
- Ein medarbeidar er i gang med doktorgradsprosjekt ved UiA med prosjektet *Plantevernmiddelet i jærsk jordbruks - kunnskapsproduksjon, normdanningsprosessar og personlege erfaringar, 1930–2010*. Ein annan medarbeidar startar opp sitt doktorgradsstudium ved NTNU 01.01.2020 med temaet: *For våre kamerater: En studie av den kalde krigen gjennom flygernes narrativ*. Doktorgradsstudiet bygger vidare på forskingsprosjektet «Backfire: Norske militærflyulykker under den kalde krigen», der Jærmuseet også har samarbeidd med UiS.
- Tre medarbeidarar tar vidareutdanning ved Høgskulen på Vestlandet (HVL), med studiet Læring i interaktive utstillingar.
- I samband med 300-årsjubileet for den statlege losordninga i 2020, starta Kystverkmusea i 2019

opp eit forskingsprosjekt om loshistoria. Prosjektet skal resultera i ei artikkelsamling i 2020. Jærmuseet har prosjektleiinga og bidrar med ein artikkel om losane sin overgang frå eit særegi lønssystem til statleg regulativløn.

- Museet har starta opp eit dokumentasjonsprosjekt om humleoppdrett. Her har me intervjua personar som var med å starta opp organisert humleoppdrett i Norge. Ein innleigd fotograf dokumenterer arbeidsprosessane i dag.
- Utstillinga *Øglænd i 150* er følgt opp med dokumentasjonsprosjektet *Kvinnene hos Øglænd*, med intervju av tidlegare tilsette.
- Jærmuseet har i 2019 hatt tre studentar som har skrive masteroppgåver om våre utstillingar eller undervisingsopplegg. Ein i matematikkdidaktikk v/UiA våren 2019, ein i realfagsdidaktikk v/NTNU hausten 2019 og ein student ved USN (Universitetet i Sørøst-Norge) skriv master om bruk av laserkuttar til grafisk trykk.



← Artikkelforfattarane for årboka *Sjå Jæren* 2019 samla under boklanseringa.

Foto: Elin Ravndal Bell / Jærmuseet

→ Tre norske jagarflygarar samla på Flyhistorisk Museum i samband med doktorgradsstudiet «For våre kamerater: En studie av den kalde krigen gjennom flygernes narrativ».

Foto: Sondre B. Hvam / Jærmuseet



Jærmuseet arbeider med å styrke grunnlaget for eigeninntekter, og legg til rette for godt samarbeid med næringslivet.

ØKONOMI, GÅVER OG SPONSOR-INNTEKTER

Kommersielle aktivitetar, gåver og sponsorinntekter
Museet arbeider med å styrke grunnlaget for eigeninntekter og å legga til rette for godt samarbeid med næringslivet.

Jærmuseet har eit godt samarbeid med private verksemder i regionen.

Heile sju bedrifter har i løpet av 2019 bidrege med prosjekt- eller driftsstøtte på tilsaman kr 4 817 792, mot kr 7 607 500 i 2018. Desse er Equinor, Forus Næringspark, Avinor, Vår Energi, Lyse, Øglænd Industrier og Sparebankstiftelsen SR-Bank.

Jærmuseet har ein eigen etisk plattform som ligg ved alle sponsoravtalar.

Delen av eigeninntekter for 2019 er på 30 prosent; dette omfattar sals- og billettinntekter, og sponsor- og prosjektmidlar. Tiltaksmidlar og andre offentlege midlar som er løvvde til investeringar knytt til bygg og anlegg, er ikkje rekna med her.

I tillegg har me motteke kr 11 327 200 i prosjektstøtte frå ulike offentlege instansar. Av desse kan me nemna Hå kommune som har bidrege med kr 7 500 000 i støtte til nytt administrasjonsbygg (2,5 mill. gjenstår), Sandnes kommune med kr 850 000 til magasinering av gjenstandar frå gamle Sandnes museum (700 000 gjenstår), Norsk kulturråd med kr 2 028 000 til ulike sikringstiltak, Kunnskapsdepartementet med kr 750 000 til prosjektet *Teknologisk skolesekk* og Vitensenterforeninga/Naturfagsenteret med kr 229 200 til *Skaperskolen*.

Styret vil takka alle som med økonomiske tilskot og gåver, eller på andre måtar, har bidrege til å realisera Jærmuseet sine mål!

Sandnes Sparebank sitt gavefond gav heile tre millionar kroner til ei totaloppgradering av Planetariet på Vitenfabrikken. Her er avdelingsdirektør ved Vitenfabrikken, John Arne Frafjord, varaordførar i Sandnes kommune, Pål Morten Borgli, teknisk leiar på Vitenfabrikken, Sven Gundersen, og banksjef i Sandnes Sparebank, Normann Oftedal samla på gjenopninga.
Foto: Rune Helliesen / Jærmuseet





← Kaféen på Vitengarden lagar mat til mange ulike tilstellingar.

Foto: Rune Helliesen / Jærmuseet

→ Vitengarden arrangerte i samarbeid med Equinor ein kodedag med gratis inngang. Det blei særskilt populært og meir enn 1200 gjester kom!

Foto: Rune Helliesen / Jærmuseet



ØKONOMI OG ADMINISTRASJON

Rettvisande oversikt over utvikling og resultat

I 2018 opplevde Jærmuseet ein tilbakegang i besøk for første gong. Dette påverka også inntektene. Besøket tok seg opp i 2019, det same gjorde dei kommersielle inntektene. Salsinntektene som består av butikk, kafe og servering grupper auka med mest 8 %, medan billettinntektene auka med meir enn 8 %. Samstundes fortsette bedriftsmarknaden den gode veksten frå 2018, og me opplevde ein auke i arrangement og utleige på 18 %.

Kostnader

Dei totale kostnadane er opp 2,5 %, i hovudsak knytt til generell løns- og prisvekst. Nedgangen i driftskostnadene for «vedlikehald utstyr/samlingar» skuldast at me har fornya planetariet på Vitenfabrikken i løpet av 2019, eit prosjekt som hadde eit totalt budsjett på 6 mill., der mesteparten av kostnadane kom i 2018.

Finansiell risiko

Jærmuseet nyt framleis godt av ein felles bankavtale med Hå kommune. Finansinntektene gjekk noko opp

samanlikna med 2018, og me hamna omrent kr 300 000 betre enn budsjettet.

Leiinga i Jærmuseet vurderer den finansielle risikoen som svært låg på nåverande tidspunkt. Me har ei god og stabil kontantbeholdning som er plassert i bank med tilhøyrande låg risiko, og ein solid eigenkapital. Jærmuseet har låg gjeldsgrad og overheld dei løpende pliktene. Me har jobba mot ei endring av pensjonsordning til hybridpensjon, og frå 01.01.2020 vil alle tilsette som er yngre enn 52 år verta meldt over på ny ordning.

I løpet av 2020 vil Jærmuseet ferdigstilla nytt magasin og nytt administrasjonsbygg på Kvia. Ein aukande bygningsmasse gjev eit høgare forvaltningsansvar, og aukar samstundes kostnadane. Finansieringa av bygga vert også dekkja av museet sine eigne midlar, midlar som me vil måtte byggja opp igjen over fleire år.

Styret vil takka alle tilsette i Jærmuseet for godt utført arbeid i 2019!



Abelloftet på Vitenfabrikken gjev gode rammer for private selskap. Her er lokalet dekkja til ein konfirmasjon.

Foto: Ingunn Aase Hovelsrud / Jærmuseet



← Sjefskonservator Målfrid Grimstvedt vart i samband med 70-årsdagen sin heidra av direktør Målfrid Snørteland for den enorme innsatsen ho har gjort for museet. Dette skjedde under ei markering på Vitengarden.

Foto: Elin Ravndal Bell / Jærmuseet

→ Våren for dei tilsette startar med ei skikkeleg økt i Lommeparken utanfor Vitenfabrikken.

Foto: Elin Ravndal Bell / Jærmuseet



ORGANISASJON

Per 31.12.2019 hadde styret i Jærmuseet desse medlemmene:

Styret

Endre Skjørestad, styreleiar
Eli Ulveseter
Ingve Berntsen
Frode Fjeldsbø
Jonas Skrettingland, nestleiar
Torbjørn Hovland
Kristine Enger
Stanley Wirak
Kari Vevatne
Staale Grude Haaland
Helle Solberg Kristiansen
Siv Renate Salte Mjåtvit

oppnemnd på fritt grunnlag
oppnemnd på fritt grunnlag
Rogaland fylkeskommune
Gjesdal kommune
Hå kommune
Klepp kommune
Randaberg kommune
Sandnes kommune
Sola kommune
Time kommune
tilsett
tilsett

Vara:

Torleiv Bilstad
Anne Woie
Ingvald Erga
Espen Aaserud Karlsen
Mons Skrettingland
Torunn Austdal Rasmussen
Gunhild Vårvik Tangeland
Annelin Tangen


Brigt Åge Høyland
Sigbjørn Stangeland
Ingunn Aase Hovelsrud



Museet har faste personalsamlingar ein gong i månaden. Ei av samlingane i 2019, vart lagt til luta på Refsnes, der dei tilsette fekk sjå kva gjenstandar som er lagra her.

Foto: Elisebet Rugland / Jærmuseet

Utførte årsverk fordelt på dei ulike avdelingane og anlegga i 2019



AVDELINGAR	2018	%	2019	%
Fellestenester (inkl samling)*	9,9	14 %	9,8	14 %
Vitengarden	18,1	25 %	18,0	25 %
Vitenfabrikken	27,3	38 %	26,4	37 %
Garborgsenteret	6,6	9 %	6,1	8 %
Tungenes fyr	1,9	3 %	1,8	2 %
Hå bygdemuseum	1,2	2 %	0,9	1 %
Gjesdal bygdemuseum	1,6	2 %	2,0	3 %
Klepp bygdemuseum	0,2	0 %	0,2	0 %
Randaberg bygdemuseum	1,3	2 %	1,3	2 %
Flyhistorisk museum	1,7	2 %	2,6	4 %
Science Circus	2,1	3 %	2,5	3 %
(med fråværstimar)	71,9	100 %	71,4	100 %

*Det regionale samlingsteamet sine arbeida timar for andre museum er teke ut frå denne oppstillinga

Årsverk

Järmuseet hadde i 2019 74 årsverk inkl. vertar, ekstrahjelp og Samlingsteam Rogaland. 59,8 av årsverka er faste og mellombels tilsette. 14,2 årsverk er vertar og timeløna ekstrahjelp. Eitt av årsverka er lærling i hage- og anleggsgartnafaget. I tillegg har det vorte utført 0,4 årsverk av innleidt arbeidskraft for avdelinga Science Circus. 3,9 årsverk er utført av frivillige. I gjennomsnitt fekk 136 personar løn eller honorar frå Järmuseet kvar månad i løpet av året, medan det totalt blei rapportert inn 245 unike personar til skatteetaten for 2019. Gjennomsnittsalderen er 47 år for faste og mellombels tilsette, og 23 år for vertar og timeløna. Alle tilsette nyttar eit elektronisk timeregistreringssystem som gir oversyn over kor ein har jobba, og kva ein har jobba med.

Administrative system

Museet har oppdaterte og profesjonelle administrative system, og nyttar elektronisk post

og arkiv så langt det let seg gjera. Dette gjeld elektronisk nyheitsbrev, brukarundersøkingar, inngåande og utgående faktura, timeregistrering, ordrestadfestinger og anna.


Likestilling

Järmuseet har ei overvekt av kvinnelege tilsette. Av dei 67 faste og mellombels tilsette per 31.12.2019 er 43 kvinner og 24 menn. Rekna i årsverk er det 37 årsverk kvinner og 23 årsverk menn. 62 prosent av vertane er kvinner. Direktør og to avdelingsleiarar er kvinner, tre avdelingsleiarar er menn. Styret består av fem kvinner og sju menn, inkludert styreleiar.

Arbeidsmiljø og sjukefråvær

Järmuseet har i 2019 hatt fleire avtalar med NAV og andre firma som jobbar på oppdrag frå NAV, om arbeidstrening og arbeidspraksis i løpet av året. 4 personar har jobba på ulike avdelingar i vår organisasjon gjennom denne typen ordningar. Dei har utført om lag 0,4 årsverk for museet.

Fordeling av årsverk på arbeidsområde



Arbeidsoppgåver innan	2018	%	2019	%
ADMINISTRASJON OG DAGLEG DRIFT*	13,1	20,1 %	12,4	18,9 %
DRIFT AV BYGG OG KAFE	18,1	27,7 %	18,3	27,7 %
FORMIDLING	23,6	36,1 %	24,9	37,9 %
NYE UTSTILLINGAR	4,3	6,5 %	4,1	6,3 %
SAMLINGAR OG ANTIKVARISKE HUS	6,3	9,6 %	6,1	9,2 %
TOTALE ÅRSVERK	65,4	100 %	65,8	100 %
Fråvær	6,4		5,6	
TOTALE ÅRSVERK	71,9		71,4	

*Posten inneholder fullt integrerte støttefunksjonar som IT, økonomi og personaladministrasjon



↑ Jærmuseet og Norsk Oljemuseum mottok Region Stavanger sin Ambassadørpris for å ha fått den europeiske vitensenterkonferansen Ecsite til regionen i 2021.
Foto: Elin Ravndal Bell / Jærmuseet

→ God dugnadshjelp på treskedagen på Vistnestunet!
Foto: Unn Iren Skretting Thorsen / Jærmuseet



Sjukefråværet blant faste og mellombels tilsette har vore forholdsvis høgt i 2019 samanlikna med 2018, 6,2 %. Det fordeler seg på 1,0 % eigenmeldt, 1,23 % sjukemeldt og 3,96 % langtidsfråvær. Langtidsfråværet utgjer 2,4 årsverk. I tillegg har me hatt 1,1 årsverk på arbeidsavklaringpengar. Fråværet blant vertar er på 1,2 %, kor 1,1 % er eigenmeldt og 0,1 % er sjukemeldt fråvær.

Verksemda driv systematisk HMS-arbeid med særlege HMS-tema for kvar månad. Arbeids- og miljøutvalet består av fire representantar frå dei tilsette, inkludert hovudverneombod, og fire representantar frå leiinga, inkludert direktør. Det sosiale og fysiske arbeidsmiljøet ved Jærmuseet blir vurdert som godt, noko som blir stadfesta i årlege arbeidsmiljøundersøkingar gjennomført i regi av AMU. Museet har skriftlege retningsliner for konflikthandtering og varsling av kritikkverdige forhold.

Ytre miljø

Drifta av Jærmuseet ureinrar ikkje det ytre miljøet.

Planar vedtatt av styret

I løpet av 2019 har styret handsama oppdatering av sikringsplan. Jærmuseet har elles ein overordna strategiplan, formidlingsplan, formidlingsplan for barn og unge, forskingsplan, marknadsplan, innsamlingsplan, plan for registrering og katalogisering og bevaringsplan. I tillegg har ein forretningsplan vore under arbeid store delar av året. Endeleg plan skal handsamast på første styremøte i 2020.

Lov om diskriminering og tilgjenge

Alle nye tiltak/planer blir vurdert ut frå prinsippet om universell utforming. Men mange av dei antikvariske bygga og eldre publikumsbygg krev betydelege investeringsmidlar dersom desse skal fylla krava om universell utforming.

Museet sine heimesider følgjer Difi sine retningsliner for universell utforming.

Følgjekort blir akseptert på alle avdelingane.

Framleis drift

Årsrekneskapen for 2019 er sett opp under føresetnad om framleis drift. Solid økonomi og sunn drift gjer at me framleis har eit godt handlingsrom. Museet vil likevel førebu og tilpassa organisasjonen til endra rammevilkår. Det blir med dette stadfesta at institusjonen har føresetnader for å driva vidare.


Utgreiing om årsrekneskapen og resultatdisponering

Styret meiner at framlagd rekneskap og balanse med notar viser verksemda sitt resultat for 2019 og økonomisk stilling ved årsskiftet. Det har ikkje oppstått forhold etter rekneskapsårets slutt som har innverknad på vurderinga av rekneskapen.

Rekneskapen viser eit årsresultat på kr 3 601 627,-

Fordeling av inntekter 2019

Sponsormidlar og prosjektmidlar er berre brukte midlar i 2019. For mottekne midlar i 2019 sjå årsrekneskapen, note 3.



Nærbø, 25.februar 2020

Endre Skjørestad Ingve Berntsen Kristine Enger Frode Fjeldsbø

Staale Grude Håland Torbjørn Hovland Siv Renate Mjåtveit Helle Kristiansen

